

OSTERØY KOMMUNE
Rådhuset
5282 LONEVÅG

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 07/03983-128	03.05.2023
	Ark.: 326.12	

Svar på søknad om gjenopning av namnesak – Rødland/Rolland – Osterøy kommune

Me syner til brev frå Osterøy kommune dagsett 09.01.2023 med vedlagd søknad frå 21.11.2022, der innbyggjarane på Rødland bed om gjenopptaking av namnesaka om *Rødland/Rolland*.

Ei sak kan gjenopnast dersom det kjem nye opplysningar. Paragrafen om gjenopning vart teken inn i stadnamnlova ved ein lovrevisjon som tredde i kraft 01.08.2006. I førearbeidet til lovrevisjonen, ot.prp. nr. 42, er det presisert at «[r]egelen er ikkje meint som ein heimel for ny klageadgang.» Vidare er det presisert fylgjande: «For at ei sak skal kunne takast opp på nytt, må det vere klart at opplysningane som dannar grunnlag for gjenopptakinga, ikkje vart vurderte førre gongen saka var oppe.» For at opplysningane skal kunna føra til gjenopning, må dei ha slik karakter at dei kunne ført til eit anna utfall enn ved siste handsaming dersom saka vart teken opp på nytt.

Innbyggjarane på Rødland ved Jan Kåre Rolland legg fram fire hovudargument for gjenopning i brevet frå 21.11.2022. Me vil her gå gjennom punkta dei har sett opp og føra opp Kartverket sitt svar på kvar einskilt punkt (søklarane sine argument i kursiv):

A. Gardsnamnet Rolland har vore nytta på bygda i mange år, truleg meir enn 100 år. Personar fødte tidleg på 1900-talet nytta dette namnet både på bygda og som slektsnamn. På 1950-talet skreiv Lars Ådna ei bygdebok der han nytta namnet Rødland på innbyggjarane med dette namnet. Dette er feil når ein ser på dåpsattestar til personar fødte tidleg på 1900-talet. Dei er då døypt med slektsnamnet Rolland. Personleg kjenner eg ikkje til nokon med etternamnet Rødland som stammar frå bygda var.

Svar: Kartverket skreiv fylgjande utgreiing då me gjorde vedtak i saka om skrivemåten av gardsnamnet Rødland:

«utt. /rø`ddlann/ jf. Norske Gaardnavne, /røddlann/ og /råddlann/ i UiBs namnesamling frå Osterøy. I bygdeboka Haus i saga og segn 17-2 er /røddlann/ oppgjeve som uttale. Namnet hadde forma Reyrland (el. Røyrland) i gamalnorsk, og kjem av reyrr m. 'røyr; siv' eller 'steinrøys'. Namnet er skrive Rødland i 1886-, 1906-, 1950- og i dagens matrikkel. I ØK er namnet skrive Rolland. Rødland er nytta som skrivemåte i alle utg. av gradteigskart frå 1938 til 1974, og i alle utg. av N50 frå 1952 og fram til i dag. Kommunen vil ha skrivemåten Rolland. SNT tilrår prinsipalt Rødland, men dei ser òg visse moment som gjev forsvar til skrivemåten Rolland. Skrivemåten Rødland er nytta i dei fleste offentlege kjelder, jf. ovanfor, og denne skrivemåten er best i samsvar med både opphavet til namnet og nedervd, lokal uttale. Rødland vert fastsett i samsvar med nedervd, lokal uttale og skriftradisjonen til namnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.»

Som det går fram av dette, har gardsnamnet *Rødland* vore i offentleg bruk i nærmare 140 år i matriklar og kart. *Rødland* er òg brukt som skrivemåte i bygdeboka Haus i saga og segn 17-2, som er nemnd i vedtaksteksten.

Det er heilt vanleg at slektsnamn vert skrivne annleis enn gardsnamna dei er avleidde av. Dette har samanheng med at stadnamn og slektsnamn kjem inn under ulikt lovverk. Stadnamn vert rekna som felles språklege kulturminne, og har vern etter lov om stadnamn. Skrivemåten av slektsnamn vert derimot rekna som ei privatsak, og er regulert av lov om personnamn. Skrivemåten av slektsnamn skal difor ikkje ha nokon innverknad på skrivemåten av stadnamn, og stadnamn har heller ikkje innverknad på skrivemåten av tilhøyrande slektsnamn. Vedtaket om stadnamnet *Rødland* har soleis ingen konsekvensar for slektsnamnet *Rolland*.

Konklusjon: Skriftradisjonen til namnet vart vurdert då namnesaka var oppe, og *Rødland* har ein sterk skriftradisjon i offentleg bruk. Skrivemåten av slektsnamnet har ikkje relevans for namnesaka, og er difor ikkje å rekna som ny informasjon.

B. Det har i mi tid berre vore nytta Rolland frå offentlige kontor, busselskap, posten, BIR o.s.v. Og ingen private på Osterøy kjenner til namnet Rødland.

Svar: Offentlege instansar er pliktige til å nytta den vedtekne skrivemåten av namnet, jf. § 11 fyrste ledd i lov om stadnamn: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd.» § 1 tredje ledd nemner organ for stat, fylkeskommune og kommune, selskap som det offentlege eig fullt ut og læremiddel som skal brukast i skulen.

C. 10 - 15 minuttars kjøretur frå Rolland inn mot Bergen er det vegskilt på hovudvegen som syner vegen til gardane Rødland (i Arna). Desse gardane har postadresse med nr. 5268. Rolland som ligg på Osterøy har postnr. 5286. Dette gjer at det vert misstydingar med posten og pakker, som me fleire gonger har køyrt til Haukeland for å henta.

Svar: I dag er det vanleg for Posten og bodtenester å orientera seg etter vegadresser, postnummer og poststad, som skal vera eintydige innanfor kommunen. Postnr. og poststad for Rødland i Osterøy kommune er 5286 Haus, medan postnr. og poststad for Rødland i Bergen kommune er 5268 Haukeland. Forvekslinga mellom desse to stadene i post- og pakkesendingar må i hovudsak reknast å koma av feilskrivne postnummer, og ikkje av like gardsnamn. Gardsnamna vart tidlegare brukte som adresser i rurale strok, men etter overgangen til vegadresser er det vorte mindre aktuelt.

Gardsnamn med likt opphav og lik uttale bør i prinsippet normerast likt, slik at bruk av skrivemåten *Rødland* brukt i Bergen i større grad må reknast som eit argument for lik skrivemåte i Osterøy kommune enn for at skrivemåten skal vera ulik.

Konklusjon: Eksistensen av likelydande gardsnamn i Bergen var kjend kunnskap då vedtaket vart gjort, og Språkrådet nemnde uttrykkjeleg i tilrådinga i saka at namnet *Rødland* òg finst i Bergen. Feilsending av post og pakkar førekjem i dag på grunn av like adresser, ikkje på grunn av like gardsnamn. Forvekslingsfaren med *Rødland* i Arna er difor ikkje å rekna som ei ny opplysning.

D. Å innføra eit nytt gardsnamn der bokstaven Ø er nytta er også uheldigt, då ein del pc-maskiner og skrivarar ikkje taklar denne bokstaven. Og namnet vert endå lettare å misforstå.

Svar: Norske pc-ar og skrivarar taklar dei norske bokstavane æ, ø og å, som er vanlege å bruka på lik linje med dei andre bokstavane i alfabetet i norsk i so å seia alle samanhengar. Det er ikkje praksis for å unngå desse bokstavane i skrift i stadnamn eller i andre samanhengar i Noreg. Det er òg mange andre land som har spesialteikn i skriftspråka sine, og dei fleste datasystem i dag som skal brukast av vanlege folk må difor takla slike teikn.

Det ville vera eit stort tilbakesteg for det norske skriftspråket om ein ikkje kunne bruka vokalane æ, ø og å i skrift, og slik kan det naturleg ikkje vera.

Konklusjon: Bokstavane æ, ø og å er ein integrert del av det norske skriftspråket, og problem med bruk av desse bokstavane på pc-ar og skrivarar er heilt marginale. Det er utenkjeleg å forandra skrivemåten av norske stadnamn på grunn av slike omsyn.

Sluttkonklusjon

Det har ikkje kome fram ny informasjon i brevet frå innbyggjarane på Rødland som potensielt kunne ha gjeve eit anna utfall dersom han hadde vore framme då namnesaka om *Rødland/Rolland* vart handsama i 2018. Det har òg gått kort tid sidan Kartverket handsama denne saka sist, noko som tilseier at vilkåra i saka i stor grad er like no som då.

Me finn ikkje at det har kome fram nye vesentlege opplysningar i denne saka, og Kartverket avslår difor søknaden frå innbyggjarane på Rødland om gjenopning, jf. § 13 i forskrift om stadnamn.

Klage

Avslag på søknader om gjenopning kan klagast til Klagenemnda for stadnamnsaker av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn, jf. § 13 andre ledd i forskrift om stadnamn. Klagefristen er tre veker frå de får dette brevet, jf. § 9 i forskrift om stadnamn.

Venleg helsing

Erlend Trones
namneansvarleg

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.